



Referat frå FAU-møte 30.11.2023

Møtt: Tore Ragnhild Heia, Ole E. Amundsen, Karen Kverneland Thommasen, Monica Bolstad Hagen, Frode Hagerup, Ole Morten Haaland

Forfall: Kenth Magne Åsebø-Trodal, skuleadministrasjonen

Sak 11 23/24: Mobilfri skule

Forbod kanskje i sterkaste laget, mobilhotell fungerer på ungdomsskulen. Barneklokker kan setjast i skulemodus, men kanskje vanskeleg å få alle til å gjennomføra. Smartklokker har heller ikkje nødvendigvis låsefunksjon. Spesielle unntak må uansett vera ok. Kva metode vil skulen føretrekka? FAU er positive til å støtta opp om den løysninga skulen føretrekk – hotell eller forbod eller noko anna. FAU ber om eit meir konkret forslag til neste møte.

Sak 12 23/24: Høgpresterande elevar

Spørsmål frå føresett om korleis skulen handterer høgpresterande elevar. Skulen har ikkje felles retningslinjer – opp til den enkelte lærar. Kursa i høgare trinn har vore nivåinndelte – det har tilsynelatande fungert godt, men kurs kan ikkje nyttast heile tida. Målform er òg ei utfordring – vanskelegare å miksa på tvers av målform. FAU ber skulen om informasjon om korleis skulen handterer denne elevgruppa, som skal leggst ved dette referatet.

Sak 13 23/24: Køyning i skulegarden

Det er mykje køyning i skulegarden på kveldstid, som er til fare for fritidsaktivitetar o.l. FAU ber om at skulen gir offisiell beskjed til idrettslag o.l. om at køyning i skulegarden ikkje skal skje. I tillegg ber FAU om at det blir sett opp ein bom for å fysisk hindra køyning.

Sak 13 23/24: Oppsummering av SU-møte

Frode og Tore Ragnhild oppsummerte saker frå SU – val av skulerute og sak om skulemiljø frå elevar.

Ref: Ole Morten Haaland